

20.01.2020

Mållaget går nye vegar i si profilering.



Kvinnherad mållag går nye vegar i si profilering ved å tilby russen strykemerke på nynorsk.

**Kvinnherad mållag med fast møteplass i Uskedalen går nye vegar i si profilering. Det siste er at raudrussen kan tinga seg strykemerke med nynorske slagord. Det kan gjerast så enkelt at russen skriv namnet sitt på mållaget si Facebookside. Mållaget tingar strykemerka og dekkar kostnaden.**

Tiltaket er eit av mange gode vedtak på det siste styremøte. Bakgrunnen er at styremedlem Arne Torget hadde med tre ark med om lag 20 strykemerke. Sonen hans var russ i 2019 og faren involverte seg i kva tekstar som burde stå på russeadressen.

Mållaget gjekk ut med dette tilbodet på fredag. Alt no har eit 20-tals personar meldt si interesse. Det er Norsk Målungsdom som står bak ideen og fekk produsenten til å laga ark med strykemerke på nynorsk. Alt i helga har Kvinnherad mållag registrert at andre mållag i Noreg vil ta etter og gjera det same som i Kvinnherad.

**Til russe, også i Uskedalen: Du skriv namnet ditt på Facebook Kvinnherad mållag og legg att telefonnummer. Mållaget kjem til KVV og deler ut strykemerka til dei som står på lista.**

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå produsenten Strykemerker